Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 18

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Juletre og julehalm.

Oppskr. av: Hans Vidnes

(adresse): Åheim.

Fylke: Møre- og Romsdal.

Herad: Vanylven.

Bygdelag: Åheim.

Gard: Frå ymse gardar.

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Både mi eiga og

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke): det ein gamal mann fortel.

SVAR

Nr. 1. Ja.

2) Lærar Martin Osnes kom hit til bygda kring 1870. Han heldt juletrefest i ei stor gamal røykstove på Tue. 3) Det var byrjinga her, meiner heimelsmannen min, som har godt hugs. Frå slike festar i songlaget til Osnes spreiddest bruken til heimane.

4) Slik pynting er ukjend her. (Jau, ein pynta med grønt om våren, serleg i helgane. Det grøne har ein då helst på veggar eller bord.) Halmkruner har eg aldri høyrt om her. Men heimelsmannen min fortel at på garden Haugen i Bakken, Bryggja. (Nordfjord, like over fjellet her) hekk det ei halmkrune i ~~nystova~~, nystova (vårt: buda). Truleg flutt dit frå stova. Halmen 2-3 sommar, tredd på tråd, laga til „krone". Hadde vore laga til eit festleg høve. Truleg jul. Ho hekk i taket.

5) Å pynte festlokaler både til jul,

4044

17. mai, og ved andre høve, det er vanleg her. Men har aldri sett eller høyrt at bondestovene vert pynta med ~~tr~~ papir= eller halmpynt no.

6) Der som er born i huset, er treet etter måten stort, det er mest festleg for dei. I huslydar berre med vaksne, vert trea heller små. Eit „stort" tre kan vera 2/3 av stovehøgda og meir. opptil ca 180 - 190 cm. Eit „lite" med storleik høveleg til plasering på eit bord. ca 50 cm.

7a) Her må ein sterkt skilje mellom ~~fyrstog~~, fyrst, før og no:

Fyrste tida:

Då pynta dei treet med vassklingrer! Heimelsmannen (Hm) fortel om ein gamal mann som kom så kry med si klingre og hengde ho på, let ho hangje der nokre dagar og tok ho så att. Jau, dei hengde også eple oppi.

b) Så hadde dei også heimelaga talglys.

I mitt oppval, 1910:

Då bruka vi deieslags bakkelse som då var blitt vanleg; jule= bakkelse: menner, kjerringar, griser, o.s.b. Dei var måla. Så frukt, eple og appelsiner, fiken, (perer). Så pynt av papir, lekkjer, korger, og kjøpt pynt. b) og lys. Borna gjekk og kika og såg på all mat-herlegheita, og hadde ikkje lov å røyve. For dei hengde oppi omslag alt ein hadde. (Her var fattige tilhøve i bygda då.) (Guten: Han gjekk rundt

4044

og såg på grisen, neppa då ein
Framhaldet 7a) mole, og då ein annen. „Kvifor
han öydelegg pyntet?" „Eg kan
ikkje „plitte" meg!"

No for tida:

No vert trea pynta med
vanleg pynt som er i handelen.
Ikkje med mat eller frukt.

8) Her er ingen fast skikk for
kven som pynter. Kanskje mor,
store syster, eller den som elles
steller i stova og rettleier borna.

9) Dei store står på golvet,
dei små på bord, kommode,
o. a. +

10) Ein kveikjer det når ein
skal gå rundt det, julafta,
nyårsafta, når det er julegjeste-
bod med barn eller ungdom, eller
ved andre höve. Lysa lar ein
brenne ned.

11) Ja. Salmar frå salmeboka, og
songar frå „Sangboken". Må vera
av kristeleg innhald.

12) Medan jula varer, (d. v. s. til
20. dag jul.) kanskje vert det
ståande langt utover juletida.

13) Det er slutt på „haustinga" no,
sidan ein berre brukar pynt
og ikkje mat eller frukt. Ein
„tek ned" pyntet.

14) Gran er finast, så kjem fure.

15) För var her lite nåleskog.
Ein laga tre med å bore
grangreiner eller furegreiner i

4044

Framh. 15) ein frisk kjepp som hörde til stomn. og laga til topp også. Eller nytta ein rank-voksen eine til tre. Det vart alltid rekna som „erstatning". No tykkjer sume det er fint med små eine-tre til pynt på bord., o. s. b.
16) Nei. Har aldri höyrt om tre ute i det fri. Nekel heng der ein på staur, i eit tuntre, i hagen. eller på eit gjerde.

Nr. 1. Halm på golvet her var ikkje bruka som nokon no veit. Det ville vera „å fara stygt med loda". Men H.mn min veit om ei kjerring flytt hit frå Stryn i Nordfjord. Ho bar halm på golvet. ~~Kring~~ 1880. Han veit ikkje om det var til jul. eller ved eit anna höve.
2/3) Han veit ikkje. „Vi borna for der og vod og vassa i halmen." Han veit heller ikkje om det var for å verje golvet for sko-skit, eller for å skyle skiten. Kjerringa var gamaldags.
4) På ein gard her der folka var tilflutt frå Nordfjord, skulle alle i huslyden både sjölvfolk og tenarar sove i halmseng på golvet i stova jule-natta.

P. S. Det var vanleg å pynte storegolvet med rispa einebar ved alle högtider, kanskje mest i jula.

4044
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Nr.18. M.o.R.

Hans Vidnes Vanylven.

Åheim

Avskrift.

Tillegg om "julehalm":

Det viser seg nok at slik bruk har vori her i bygdi og,ikkje berre eit einskilt tilfelle som sist sagt :

Til dei store høgtider for ca.100 år sidan og seinare og,"spadde" dei golvet med spadegrev og bar halm inn på.

Heimelsmannen min"synest enno høyre kor spadegrevet skrapa gjennomtrengjande over naglehovuda."

Tilføyet svar nr 21 Vidjer nr.4422 siste side.

4044

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING